

Finn alle ordklassane i setninga.

Kaja kjøpte ei ny jakke etter ferien.



FOTO: Lea Øchel / Unsplash

1

**Skriv ei setning der subjektet
består av eitt ord.**



FOTO: Nik / Unsplash

**Skriv ei setning der subjektet
består av fleire ord.**



FOTO: Katie Smith / Unsplash

2



Bøy adjektiva i samsvar med substantiva nedanfor:

brei

ein _____ mann, ei _____ dame,

eit _____ smil, _____ dører

flau

ein _____ gut, ei _____ jente,

eit _____ ansikt, _____ elevar



FOTO: Caju Gomes / Unsplash

3



Og eller å?

Ho likte _____ sove lenge.

Ho skulle dusje _____ kle på seg.

Ho måtte rekke _____ ete frukost.



FOTO: Nyana Stoica / Unsplash

4



**Nokre adjektiv har uregelrett gradbøying.
Gradbøy adjektiva.**

Liten

Gammal

Mykje



FOTO: Rod Long / Unsplash

5

Set inn rett pronomen.

Ho likte songen fordi _____ var så vakker.

Ho åt opp suppa fordi _____ var så god.

Ho kjøpte huset fordi ho likte _____.



FOTO: Anton / Unsplash

6



Finn adverba i setninga.

Han såg utolmodig på den nye klokka
og trippa nervøst med føtene.



FOTO: Jeremy Beadle / Unsplash

7



Kva kallar vi setningsleddet som er streka under i desse setningane?

Dei brukte å stå opp tidleg denne dagen.

Juletreet brukte vi å pynte vesle julaftan.

Han gledde seg slik til jul.



FOTO: Ira Ostafiichuk / Unsplash

8



Finn adjektiva i teksten.

Dei sju svarte tala på fjernsynet var heilt like tala under dei blå kryssa på den krøllete lotto-kupongen hans.



FOTO: Dylan Nolte / Unsplash

9



Kva kallar vi setningsleddet som er streka under i desse setningane?

Om morgonen gjekk dei inn med gåver og frukost på senga.

Han fekk nye sko.

Bursdagen er ein av dei beste dagane i året.



FOTO: Paul Volkmer / Unsplash

10

Skriv ned fire verb som startar med bokstaven k.



FOTO: drz / Unsplash

11

Kva heiter verba å *springe* og å *syngje* i preteritum?



FOTO: Jeremy Lapak / Unsplash

12

Skriv ned fire verb som er synonymt til å gå.



FOTO: Matt Flores / Unsplash

13

Finn verba i denne setninga:

Per og Kari sykklar til butikken for å handle frukt til klassen sin.



FOTO: Febiyan / Unsplash

14

**Lag ei setning der dokker bruker desse orda.
Set inn verb (og andre ord dokker treng)
sjølv:**

Mannen, til kontoret, heisen, kollegaen



FOTO: David Fintz / Unsplash

15

Kva heiter desse verba i presens?
har hoppa, har sykla, har dansa



FOTO: Gift Habeshaw / Unsplash

16

Kva heiter desse verba i infinitiv?

var, gjorde, prøvde



FOTO: Neonbrand / Unsplash

17

Finn verba i denne setninga:

Hesten gjekk på jordet og åt gras.



FOTO: Annie Spratt / Unsplash

18



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Skriv ned tre verb som er synonymt til å brøle



FOTO: Jason Rosewell / Unsplash

19

**Skriv ned fire verb som startar
med bokstaven m.**



FOTO: David Pisnoy / Unsplash

20

Lag ei setning som inneheld desse orda:

Jenta, veska, sykkelen.
Kva slags verb må du bruke?



FOTO: Blubel / Unsplash

21

Bøy substantivet skulder:



FOTO: Teslariu Mihai / Unsplash

22

Bøy substantivet *dronning*:



FOTO: Jørgen Gommæs / Det kongelige hoffet

23

Bøy substantivet barn:



FOTO: Elena Elisseeva / Mostphotos

24

**Skriv ned alle særnamna i den rekkefølga dei kjem i teksten.
Hugs stor bokstav!**



FOTO: Runar Eilertsen / Flickr (cc BY-NC-ND)

eg kjenner ei jente som heiter anna. ho bur i tromsø.
anna er fjorten år og likar å stå på ski. i tromsø er det gode moglegheiter for å stå på ski. mellom anna har arctic center mange fine alpinløyper. fjellet lille blåmann i håkøybotn på kvaløya er eit fint skifjell fordi det ikkje er så altfor bratt. turen opp tek ca. to timar. anna likar å komme på toppen og sjå seg omkring. frå lille blåmann har ein god utsikt til kattfjordeidet og alle dei fine toppane der.

25



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

**Finn minst seks ord i
ordet *skulefritidsordning*.
Kva ordklassar er orda de finn?**



FOTO: Daniel Dahlberg / Mostphotos

26

**Skriv ned fem ord som er
sette saman av to substantiv.**

Eksempel:



fisk + e + kake = fiskekaker

Tips 1: Bind orda saman med e eller s om nødvendig.

Tips 2: Sjå deg rundt etter inspirasjon der du står.

27

Lag minst åtte samansette ord. Skriv ned.

Panne	sol kake brask
Jente	fisk band lugg
Fisk	skule roman
Ungdom	sykkel krok
Jul	jakke stong
Barn	sko lykke fest hage

28

Tips: Kanskje må du bruke e eller s mellom
orda for å kunne sette dei saman?

Skriv ned substantiva:

katt tid eple går det farmor som
Marie hjelpe tanke boka ide fann ho
sjå stor sort Cuba bestemt namn enno
like fødd bror få jakke fortelje Anna
mi meter betre sjokolade større hus
kontor tjukk frakk vakker båt vanskeleg
min heiter betre fjell Leo hund finare di
syster dokker fint blå kjøkken vår



FOTO: Jari Hytonen / Unsplash

29



Nokre av orda her kan vere både eit substantiv og ein annan ordklasse. Skriv ned minst tre av dei. Kva heiter den andre ordklassen?

katt tid eple går det farmor som
Marie hjelpe tanke boka ide fann ho
sjå stor sort Cuba bestemt namn enno
like fødd bror få jakke fortelje anna mi
meter betre sjokolade større hus kontor
tjukk frakk vakker båt vanskeleg min
heiter betre fjell Leo hund finare di
syster dokker fint blå kjøkken vår



FOTO: Hans M / Unsplash

30



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA